

Adresseliste

Vår dato: 15.07.2010
Vår ref: 2010/1719 - 9049/2010 /
Dykkar ref:

Oppstart av forvaltningsplan for Hystad naturreservat, Stord kommune

Stord kommune v/ Stord Fitjar landbruks og miljøkontor melder med dette om oppstart av arbeidet med forvaltningsplan for Hystad naturreservat i Stord kommune.

Stord kommune har lokal forvaltning av sine verneområde, og som ein del av dette ansvaret vil kommunen stå for utarbeiding av forvaltningsplanen for Hystad naturreservat.

Hystad naturreservat vart freda i 1984. føremålet med vernet er *"å ta vare på ein usedvanleg godt utvikla, stor, variert svartolder – sumpskog med stor verdi for undervisning og forskning"*.

Med unntak av ein privat grunneigar er reservatet eigd av Direktoratet for naturforvaltning, og områda rundt er eigd av Stord kommune.

Forvaltningsplanen skal omtale naturtilstanden i verneområdet, utfordringar og trugs mål mot verneverdiane. Ein viktig del av arbeidet er å identifisere aktuelle skjøtselstiltak, samt å definere bevaringsmål for naturtypene i reservatet og etablere eit tenleg opplegg for overvaking av naturtilstanden. Hystadmarka er også eit viktig turområde for innbyggjarane i Stord kommune, noko ein vil søkje å ta omsyn til i forvaltningsplanen. Vernereglane, gjeve i forskrift om vern av Hystad naturreservat, vert lagt til grunn for planen.

Utkast til forvaltningsplan vil seinare verte send til offentlig ettersyn for merknadar og innspel før godkjenning av planen. Det er sett som mål å få planen godkjend innan utgangen av 2010.

I høve oppstart av planarbeidet er De velkommen til å kome med innspel til prosessen og forvaltninga av naturreservatet. Innspel kan sendast på e-post til ingunn.varanes@fitjar.kommune.no eller per brev til Stord Fitjar landbruks- og miljøkontor, postboks 83, 5418 Fitjar.

Med helsing

Ingunn Varanes
miljøkonsulent